

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015**

I samband med RS 75/15 stilte **Sveinung Valle** seg positiv til at "fylkesrådmannen er innstilt på å koma attende med ei eiga sak til fylkesutvalet om desse spørsmåla, etter at fylkesutvalet har vurdert innhaldet i rapporten frå HOG Energi", og bad om at det vert lagt fram sak før sommaren. Fylkesordføraren legg til grunn at det vert lagt fram politisk sak.

I samband med RS 79/15 viste **Silje Hjemdal** til at det vil verte lagt fram svar på spørsmålet om el-bilar i kollektivfelt og samkjøringsfelt i samferdselsutvalet sitt junimøte. Ho bad om at svaret også vert lagt fram for fylkesutvalet.